

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 29.04.2024

Vår ref.: 200904058-38 Oppgje ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om forlengd byggjefrist for Heibøåi kraftverk i Tokke kommune i Telemark

NVE har fått ein søknad frå Heibøåi kraftverk AS om løyve til å forlengje byggjefristen for Heibøåi kraftverk med fem år, til 11.05.2026. I samband med dette bad NVE om oppdaterte undersøkingar av biologisk mangfald før søknaden kunne handsamast. Heibøåi kraftverk AS fekk opphavleg konsesjon til å byggje kraftverket den 11.05.2016.

Det følgjer av vilkårspost nr. 2 i vassdragskonsesjonen at konsesjonær må starte bygging av kraftverket før det har gått fem år frå konsesjonsdato, elles fell konsesjonen bort. NVE kan forlengje byggjefristen éin gong med inntil fem nye år.

Her finn du søknaden

Søknaden om forlengd byggjefrist for Heibøåi kraftverk, saman med ny biologisk mangfaldsrapport og den opphavlege konsesjonen, er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/5814/V.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det krevst kunngjering og brei offentleg høyring. Søknaden om forlengd byggjefrist blir difor berre send på avgrensa høyring til Tokke kommune, Telemark fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

NVE skal no vurdere om det har kome inn nye moment i saka som tilseier at fristen ikkje bør forlengjast. NVE ønskjer difor tilbakemelding om det har oppstått nokre nye forhold som kan vere av betydning for konsesjonen sidan saka vart handsama i 2016. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de veit om nye partar som kan bli råka av saka, slik at dei også kan få høve til å uttale seg.

Vi ber Statsforvaltaren særleg vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova § 8, eller om det er behov for ytterlegare utgreiingar.

Alle som har meiningar om saka, kan sende uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på saka si nettside (www.nve.no/5814/V)



- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 200904058 i emnefeltet, og oppgje navn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 200904058 i emnefeltet, og oppgje navn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende inn fråsegn er:

14.06.2024

Med helsing

Brit Torill Haugen
fagleiar

Oscar Østvold
førstekonsulent

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

TOKKE KOMMUNE
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
TELEMARK FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

Heibøai kraftverk AS